Hjartdal kommune

Vedtatt dato:
Planforslag: 03.11.2023

Detaljregulering for GS-veg langs Tuddalsvegen – Saulandsvegen til Gamle Tuddalsveg

Reguleringsføresegner
Detaljregulering

PlanID 381920210003

1. Siktemålet med planen

Hovudsiktemålet med planen er å byggje ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg 3430 Tuddalsvegen, på strekninga mellom Saulandsvegen og Gamle Tuddalsveg i Hjartdal kommune.

2. Fellesføresegner for hele planområdet

2.1 Automatisk freda kulturminne

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekning det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndigheitene avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminneloven § 8 andre ledd).

2.2 Miljøoppfølging

Det skal utarbeidast en miljøoppfølgingsplan/YM-plan for anleggsfasen basert på faglege råd om skadereduserande tiltak i rapporten «Notat naturmangfold», datert 13.09.2023.

Miljøoppfølgingsplanen skal også innehalde løysingar for overvatn, stikkrenner etc.

2.3 Avkøyrsler

Avkøyrselspiler merka på plankart er rettleiande, og endeleg avkøyrsel kan justerast.

2.4 Frisikt

Frisikt skal opparbeidast i vegkryss og i avkøyrsler mot veg og GS-veg i samsvar med regulerte frisiktsoner. Eventuelle sikthindringer skal ikkje være høgare enn 0,5 m over køyrebanenivå for primærvegen.

2.5 Matjord

Matjord skal handsamast i samsvar med matjordplan datert 31.10.2023.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§12-5 nr. 1)

Busetnad (B)

Arealet omfattar eksisterande bustader.

Sentrumsformål (SF)

Arealet omfattar eksisterande byggjeområder.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

Køyreveg (KV)

Område o_KV er offentleg køyreveg.

Gang- og sykkelveg (GS)

Område o_GS er offentleg gang- og sykkelveg.

Annan veggrunn, grøntareal (AVG)

Arealet omfattar sideareal til vegen og rabatt mellom o_KV og o_GS, med skjeringar, fyllingar, grøftar, murar og tekniske konstruksjonar som tilhøyrar offentleg veg.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift (§ 12-5 nr. 5)

LNFR (LNFR)

Arealet omfattar landbruksareal som blir nytta som midlertidig bygge- og anleggsområde og som vil bli tilbakeført som landbruksformål etter at arbeidet er ferdig, jamfør pkt 5.1. Det blir ikkje tillate tiltak i L1-L2 som kan hindre tilbakeføring til landbruksareal.

4. Føresegn til føresegnsområder

4.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde (område #1)

I anleggsperioden kan områda mellombels nyttast som anlegg- og riggområde. Det blir tillate etablert skjeringar, fyllingar, støttemurar, samt nødvendige grøftar og tekniske konstruksjonar som høyrar til offentleg veg. Matjord kan lagrast i rankar i ein høgde opp til 3 meter.

Når anleggsperioden er ferdig skal områda ryddast, settast i stand og tilbakeførast til tidlegare føremål.

6. Rekkjefølgjeføresegner

6.1 Før igangsetjingsløyve

Før det gis igangsetjingsløyve skal detaljerte byggeplanar for o_GS vera utarbeidde og godkjent av Hjartdal kommune og Vestfold og Telemark fylkeskommune.